



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 10.09.2018
Vår ref.: 2014/24390-28
Saksbehandlar: sigbjør
Dykkar ref.:

Referat frå drøftingsmøte 31.08.2018, for Mulebanen - Gnr 168 bnr 563 m.fl. -Bergenus - Bergen kommune

Planforslag for offentlig ettersyn av planforslag for Mulebanen, vart handsama i Utval for kultur- idrett og regional utvikling Hordaland fylkeskommunen 24.05.18, med vedtak om motsegn knytt til kulturminne og kollektivtransport. Sidan høyringa var planforslaget revidert med mål om å imøtekomme motsegnene.

31.08.2018 vart det halden drøftingsmøte. Til stades var Christian Hjelle og Heidi Saua frå plan- og bygningsetaten, Bergen kommune. Frå Hordaland fylkeskommune var Ole Vegard Skauge seksjon for fylkeskonservator, Robert Solend og Erlend Iversen samferdselavdelinga, og Sigrid Bjercke planseksjonen regionalavdelinga. Målet med møtet var å sikre felles forståing av motsegnene, avklare premiss for ein eventuell trekking av motsegnene og vidare saksgang.

Vi hadde følgjande merknader og innspel til det reviderte planforslaget.

Kulturminne

Høgde på Mulebanen er i revidert forslag redusert. Dei nye illustrasjonane viser auka høgde med 1m. Det vil vere akseptabelt om dei andre tiltaka kjem på plass.

Oppgradering av parken vil vere eit positivt miljøtilskot til bydelen, og aktivering av parken kan styrke planforslaget. Truleg er enkelt stell tilstrekkeleg.

Overgang mellom Mulebanen/ fleirbrukshall og terreng vil fortsatt vere viktig. Byggegropp, og arrondering av terreng må kunne tilbakeførast mest mogeleg som den opphavelige landskapsparke. For å få dette til bør gangvegen på tvers av parken takast ut. Tribunar, murar o.a. må løysast utan større inngrep og bidra til å skape gode overgangar mellom bygg og terreng.

Det vil vere positivt om vegen mellom Christinegård og Mulebanen vert stengt for biltrafikk for å betre koplinga mellom park og lystgården. Dette kan også opne for ei anna løysing av uteareal for barnehagen. Materialbruk og rett bruk av plantar kan bidra til å ei reperasjon av denne delen av parken. Gode døme på dette i skildring av leikeareal i plandokumenta. Detaljutforming bør skje i tett dialog med kulturmynde.

For å kunne trekke motsegn må verknad av tiltaka vurderast samla i høve til kulturminneinteressene alle tiltak må difor sjåast i samanheng, også veganlegg, støyskjerm, ventilasjonshus, trappar m.m.

Samferdsel

Eksisterende areal til snuplass i Mulesvingen er knapp, og det er behov for oppgradering av haldeplasser. Det er også behov for mogelegheit for regulering av ruter med pauseplass, dvs at det vil vere behov for at to busser kan stå der på same tid.

Haldeplassene bør vere utforma slik at dei står langs ei rett strekning, av omsyn til universell utforming og sikkerheit for ventande passasjerar. Dette gjeld også haldeplassene i Persenbakken og Øvre Sandviksveien.

I revidert panforslag er det vist *hente og bringeplasser* for barnehagen langs Persenbakken. Dette er ikkje ønskeleg av omsyn til framkome for buss. Persenbakken bør generelt utformast slik at to bussar kan møtast i heile bakken, mellom anna pga dårleg siktilhøve. Det vil også vere uheldig om bilene frå barnehagen må nytte Mulesvingen som snuplass, då dette kan vere i konflikt med arealbehov for kollektivtransport. Sanering av eksisterande P-plassar i Mulesvingen, vil vere naudsynt for å betre situasjonen.

Tilrettelegging for energiforsyning for el-bussar bør vurderast.

På grunn av den avgrensa arealet er det behov for «finsnekring» for prøve å finne dei mest optimale løysingane. Samferdselavdelinga/ Skyss vil kunne bidra med dette. Kommunen bidrar til å etablere dialog.

Vidare saksgang

Bergen kommune arbeidar vidare med utvikling av planforslaget saman med planfremjar. Det vil truleg vere behov for tettare dialog mellom konsulent og Hordaland fylkeskommune om detaljutforming. Bergen kommune koordinerer dette. Planseksjonen ved Sigrid Bjercke koordinerer internt i fylkeskommunen. Det er ønskeleg at både regional-, kultur- og samferdselavdelinga deltek i dialogen og evt. møter med sine representantar.

Revidert planforslag vert sendt til vurdering til Hordaland fylkeskommune ved planseksjonen, som koordinerer avklaring om mogeleg trekking av motsegn.

Sigrid Næsheim Bjercke

Regionalavdelinga | Planseksjonen

Sigrid.Bjercke@hfk.no

Tlf: 96221084

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.